

Saksbehandlar: Svein Håggård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/8692-75

## **Søknad om fritak frå politiske verv - Tore Storehaug - suppleringsval**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Tore Storehaug får fritak frå vervet som 1. varamedlem til fylkestinget for resten av valperioden.

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Tore Storehaug får fritak frå verva som medlem i distriktsprogramrådet og som 1. varamedlem til hovudutvalet for opplæring for resten av valperioden.
2. Som ny medlem i distriktsprogramrådet etter Tore Storehaug, vel fylkesutvalet .....

### **Vedlegg:**

#### **Andre relevante dokument i saka:**

Søknad frå Tore Storehaug

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Tore Storehaug har ved e-post til fylkesordføraren dagsett 24.05.18 søkt om fritak frå verva han har i fylkeskommunen sidan han er vald inn som fast representant på Stortinget for perioden 2017–2021.

Storehaug har opplyst at dette gjeld verva som 1. varamedlem til fylkestinget og 1. varamedlem til hovudutvalet for opplæring for Kristeleg Folkeparti, samt vervet som medlem i distriktsprogramrådet.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

#### 2.1 Fullmakter

Fullmakta til å gi fritak frå vervet som varamedlem til hovudutvalet for opplæring ligg hjå fylkesutvalet, jf. FT-sak 27/97, medan det er fylkestinget som har fullmakt til å gi fritak frå vervet som varamedlem til fylkestinget.

Distriktsprogramrådet er ikkje er ei fylkeskommunal nemnd. Fritaksreglane i kommunelova kjem difor ikkje direkte til nytte. Sidan det er fylkesutvalet som har vald medlemene i rådet, legg fylkesrådmannen imidlertid til grunn at det også er fylkesutvalet som skal ta stilling til søknaden om fritak frå dette organet.

Mynde til å føreta eventuelt suppleringsval av varamedlem til hovudutvalet for opplæring ligg hjå fylkestinget, jf. FT-sak 27/97, medan fylkesutvalet har mynde til å velje ny medlem av distriktsprogramrådet, jf. delegerings- og innstillingsreglementet kap. 4.1. Mynde til å føreta eventuelt suppleringsval av varamedlem til fylkestinget ligg til fylkesvalstyret, jf. vallova § 14-2 (2).

Fylkesrådmannen sitt framlegg til vedtak er oppdelt slik at det vert skilt mellom det fylkestinget skal avgjere og det fylkesutvalet skal avgjere.

## 2.2 Fritak

Etter kommunelova § 15 nr. 2 kan fylkestinget/fylkesutvalet etter søknad fritak frå verv «den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet». Etter fylkesrådmannen si vurdering fyller Storehaug vilkåra for å bli fritaken som omsøkt frå fylkestinget og hovudutvalet for opplæring.

Fylkesrådmannen føreset at kommunelova § 15 nr. 2 bør nyttast analogisk<sup>i</sup> på distriktsprogramrådet og at Storehaug såleis fyller vilkåra for å bli fritaken frå også dette organet.

## 2.3 Nyval/suppleringsval:

- a) Fylkestinget: Gruppa til Tore Storehaug har to representantar i fylkestinget og fire vararepresentantar når ein ikkje reknar med Storehaug. I medhald av vallova § 14-2 (2) har fylkesordføraren avgjort at det ikkje er naudsynt for fylkesvalstyret å føreta nytt valoppgjør som følgje av at Storehaug eventuelt trer ut av vervet som 1. varamedlem. Dette til orientering for fylkestinget.
- b) Hovudutvalet for opplæring: Suppleringsval av varamedlemer til andre folkevalde organ enn fylkestinget, er regulert av kommunelova 16 nr. 5. Fylkestinget kan velje ny varamedlem til hovudutvalet dersom «en gruppes varamedlemmer ... (er) blitt utilstrekkelig».

Gruppa til Storehaug har ein fast medlem og to varamedlemer – ein mann og ei kvinne - når ein ser vekk frå Storehaug. Fylkesrådmannen overlét til fylkestinget å vurdere om to varamedlemer er utilstrekkeleg for resten av valperioden.

Dersom fylkestinget kjem til at det bør veljast ein ny varamedlem, står fylkestinget fritt m.o.t. om varamedlemer skal vere mann eller kvinne.

- c) Distriktsprogramrådet: Rådet er heimla i kringkastingslova § 7-3 og har fem medlemmer med personlege varamedlemer. Varamedlemer til Tore Storehaug er Bjørn Harald Haugsvær. Han er valbar til vervet som fast medlem for resten av valperioden. Dersom fylkesutvalet vel Haugsvær som fast medlem i rådet, må utvalet velje ny varamedlem.

---

<sup>i</sup> Dette inneber at ein rettsregel vert nytta utanfor ordlyden i lova, men på eit liknande forhold.